

ÅRSMØTE I PELAGISK FORENING
25-26. april 2019

For eit år tilbake so takka eg
JA til eit spennande verv
Styreleiar i Pelagisk Forening
Eg hadde sommarfuglar og ein god dose nerv`
Men eg lyte få takka for tillit
Eg sku` jo hoppa ette Wirkola
Og ta over etter unge herr Lokøy
Som har styrt skuta frå opphavets dag

Dei spør seg vel sikkert: Kem e` ho?
Ho sei` kje eit kløyva ord
Eg e dotter til Knut W. Hamre
Båten Krossfjord – skipper Ole, min bror
So har eg ein onkel de kjenne
Johannes Hamre, klok havforskar-mann
Hans hjarta brenn fortsatt for havet
Me veit at silda blei redda av han

Fiskaren e jo `kje alltid
Samd i kva forskaren sei
Forskaren anslår bestanden
Fiskaren påstår: da e` feil
ICES, HI - dei lærde
Dei har sin kunnskap dokumentert på papir
Men husk at fiskaren òg har sin kunnskap
Nemleg doktorgrad gjennom eit langt fiskarliv
Eg ber om at dialogen
Må bli meir enn ein to-veis monolog
Lytt til den erfarne fiskar
Ta han med i det høge råd
Som supplement til vitenskaplege metoder
Der *input* bestemme alt
Må erfaring frå dei som har "hands-on"
Taes med – ellers kan *output* bli galt

Så har vi Brexit – ein ting e viktig
Noreg må halda i hevd
Vi har `kje èin fisk å ofra
For av hav skal vi leva, har levd.
Eit mål er å auka konsumet
Sunn sjømat på fleire fat
Der CO2 avtrykket er lite
Ja faktisk – avtrykket heilt minimalt

Gode ting kan ei seiast for ofte
Ressursrente vil me ikkje ha
Vi betaler den allerede
Vi bidrar – er med på å dra
Vi drar lasset – i samspel med andre
Fiskeri skaper innovasjon
Og gjev arbeid til langt fleire enn mannskap
Fiskeri gjev oss framtidsvon

Regjeringsplattforma til Erna
Har eeeeeendeleg slått fast
Ho har nok lytta til Pelagisk Forening
Ho meiner det same vi har meint – vi har mast....
Om at strukturkvoter skal attende til gruppa
Når desse går ut på tid
Samt at grunnprinsipp i lover vi kjenner
Øg ligg fast – og det likar vi

Vår visjon i Pelagisk Forening
Er å fortsatt kjempa den gode strid
Å kjempa for at den levande kysten
Skal leva til evig tid
Vi treng ei mangfoldig flåte
Det skaper sysselsetting og driv
Vi vil at framtidens generasjonar
Skal få hausta det havet gir.

På vegne av styret vil eg takka
Du tillitskvinne og mann
Takk til administrasjonen
Som administrerer med stødig hand.
Pelagisk forening på kartet
Men ikkje berre her
Eg kan nemna Arendalsveka med Brennholm
Welcome onboard, folkens – Pelagisk er der!

Så velkommen til Pelagisk Forening
Til årsmøte, middag og fest
Velkommen du trufaste medlem
Velkommen kvar einaste gjest
Vær stolt av å vær i ei næring
Som bidrar til mat på bord
Skitt fiske yrkesbrødre og søstre
Skitt fiske frå sør og til nord